



## Sommarskulen i Giske 2021

Giske kommune er svært glade for å kunne presentere gratis Sommarskule med aktivitetar i veke 25, 26, 27, 32 og 33!

Målet med sommarskulen er å gi fleire unge ein arena der dei kan delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i sommarferien. Vi håper dette kan bidra til fine ferieminner for elevane våre!

### Dette er greitt å vite om Sommarskulen før påmelding:

- Påmeldinga opnar 04.juni kl. 12:00 og stenger torsdag 10.juni kl. 23:00. I denne perioda kan elevane melde seg på **eit** kurs/aktivitet. Dette for at alle skal få sjansen.
- Ledige plassar blir annonsert fortløpande frå 11.juni. Ved ledige plassar kan ein melde seg på fleire kurs/aktivitetar.
- Informasjon om korleis ein melder seg på ligg ved kvart enkelt kurs/aktivitet.
- Sommarskulen er for dei elevane som går ut av 4. klasse, til dei som går ut av 10. klasse. Ved ledige plassar kan nokre kurs bli opna for elevar som er yngre/eldre. Sjå då etter ledige plassar etter 11.juni, og ta kontakt med kursansvarlege.
- Etter påmelding og stadfesta plass, vil du motta informasjon direkte frå arrangør.
- Dersom det er informasjon som du meiner instruktørane bør ha om ditt barn, so ber vi om at du opplyser om dette til ved påmelding eller kontaktar instruktør før kursstart (*NB: ikkje send sensitive opplysningar på epost*).
- Smittevern er viktig, og alle arrangørane tek ansvar for at den tids gjeldande smittevernreglar blir fulgt.
- Sommarskulen er finansiert med midlar frå Utdanningsdirektoratet.

Oversikt over kurs og aktivitetar vil du finne på Giske kommune si heimeside

[Sommarskulen - Hovedportal \(giske.kommune.no\)](https://www.giske.kommune.no)

Med ønske om gode ferieminner for alle elevane!

Venleg helsing

Åse Elisabeth Skjærseth  
Kommunalsjef for oppvekst